



Årdal kommune

Lokal retningslinjer for fond til fisk, vilt og friluftsliv Vedtekne i kommunestyret 18.12.2008, k-sak 093/08

I samband med at Hydro Aluminium AS fekk løyve til bygging av nytt Tyin kraftverk i Årdal kommune i Sogn og Fjordane fylke (i 2001) pliktar utbyggjar årleg å innbetale eit beløp til Årdal kommune.

Årdal kommune har oppretta eit fond for **fiske, vilt- og friluftsliv**, som årleg får (pr 2008) tilført kr 43.639. Fondet har eigen konto i Indre Sogn Sparebank.

Årdal kommunestyre har i møte 18.12.2008 sak 093/08 vedteke lokale retningslinjer for bruk av fondet.

Formålet:

Midlane skal nyttast til opphjelp av fisk, vilt og friluftsliv i Årdal kommune, og komma ålmenta til gode.

Midlane kan nyttast til fylgjande tiltak:

1. Auka tilgjenge til fiske-, vilt- og friluftressursane
2. Opplæringstiltak
3. Informasjonsarbeid
4. Forskning/kartlegging/driftsplanlegging.

Søknad om støtte frå fondet skal sendast Årdal kommune og vert handsama i Årdal formannskap. Budsjett og finansieringsplan for tiltaket skal ligga ved søknaden.

Søknadsfrist: 1. mars

Godkjenning og utbetaling av løyvd tilskot

Når det ligg føre sluttrapport for tiltaket, kan tilskotet betalast ut. Det kan gjerast delutbetaling etter kvart som tiltaket vert gjennomført. Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake til heile arbeidet er fullført.